



Laurdag klokka 15 bør du ta ein tur innom Systrene Nilsen, reinse strupen og bli med i allsongen ved sjøkanten. Det kan verta ein triveleg ettermiddag og også ein minnenes melodi... Trubadurane Reidar Myklebust og Kristian Olav Bringedal skal leia songen og som den fyrste gjesteartisten stillar Hans Gustav Musland med trekkspælet sitt. På 1960-talet var han ein av Jubelgutta, eit populært lokalt band.

Dei andre i dette bandet var Reidar Myklebust, Amund Matre, Rolf Sunde og Per Myklebust og dei var svært populære.

Men i det siste har det vore ein viss diskusjon om kven som eigentleg fann på det festlege namnet. Etter fleire alternativ har vi kome til at det var Målfrid Flæten som vann ei tevling ein nyårsafta på Helgheim og som også fekk premie for det.

Det har vore ei vellukka øving framfor allsongen og alt går etter oppsett program. Det vert ei todeling med servering av kaffi og kake innimellom.

Den fyrste delen vert det song av opptrykte tekstar og den andre delen vert det songar etter ynskje frå publikum. Det kan gjerne vera lokale tekstar til kjende melodiar og de har allereie kome inn fleire ynskje. Hvis nokre vil ta med eit instrument, er det fint. Det kan vera ei tromme, eit rytmeinstrument kjøpt i utlandet eller eit munnspele, for å nemna nokre døme.

Over spelar Hans Gustav Musland på 1960-talet. Biletet er henta

frå 100-årsboka til ungdomslaget.

Har du spesielle minne om Jubelgutta vil vi gjerne at du skriv nokre liner.

Av Ola Matti Mathisen